

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 22.01.2020
Sakhandsamar: **Øystein Helleseth**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per desember 2019**

Arkivsak

2018/552

Styresak 004/2020

Styremøte 24.01.2020

Framlegg til vedtak

Styret tek administrerande direktørs rapportering frå verksemda per desember 2019 til vitende.

Administrerende direktør si vurdering

Desember måned er spesiell med fleire årsoppgjersposter og avrekningar for året. Fokus i styrerapporten er på sjølve drifta i desember. Det vil seie at det vil komme vesentlege endringar i resultat i samband med avslutning av rekneskapsåret for 2019. Dei største postane er knytt til DRG-avrekninga for aktiviteten i 2018, oppgjer knytt til gjestepasientar og vurdering av balanseførte verdiar. Det er framleis noko uvisse knytt til årsoppgjerspostane, men vurderinga til administrerende direktør er at Helse Førde vil nå budsjettet på 36 millionar.

Drifta i desember viser eit resultat på 5,2 millionar, som er 2,2 millionar betre enn budsjett. Inntektene var 4,2 millionar høgare enn budsjett, medan driftskostnadene hadde eit meirforbruk på 2,3 millionar. Finans bidreg positivt med 0,3 millionar.

Aktiviteten i perioden var lågare enn budsjett både for psykisk helsevern og samla for somatikken (- 44 DRG-poeng). Innanfor dei somatiske klinikkane var aktiviteten høgare enn budsjett for medisinsk klinikk, medan kirurgisk klinikk var bak budsjett. Inntektene frå pasientbehandling var likevel 2 millionar betre enn budsjett. Dette heng saman med gjennomgang av koding frå tidlegare periodar (+47 DRG-poeng) og høgare inntekt knytt til gjestepasientar. At Helse Førde truleg hadde uteståande inntekter som følge av gjennomgang av koding, peika også administrerende direktør på som sannsynleg i månadsrapporten for november.

På kostnadssida var det eit mindreforbruk på kjøp av helsetenester på 1,5 millionar. Psykisk helsevern hadde 1 million i mindreforbruk knytt til kjøp av behandlingsplassar i andre føretak. Innanfor andre driftskostnader var det eit mindreforbruk på 1,5 millionar. Her konstaterer administrerende direktør igjen at pasientreiser bidrog positivt denne gong med eit mindreforbruk på 4,8 millionar.

I forhold til budsjett var det også eit meirforbruk på personalkostnader i desember. Avviket var på 2,5 millionar som er på linje med meirforbruk kvar måned i 2019. Meirforbruket er knytt til dei somatiske klinikkane. Administrerende direktør vurderer det slik at budsjettet for 2019 har vore for stramt, og dette er det tatt høgde for i budsjettet for 2020. Administrerende direktør understrekar at personalkostnader også i 2020 vil vere eit fokusområde, og klinikkane må arbeide kontinuerleg med tiltak for å sikre ei forsvarleg drift innanfor rammene.

Innanfor fag ser administrerende direktør at føretaket framleis har ei god utvikling i høve ventetid. Gjennomsnittleg ventetid for ventande ved periodeslutt auka denne månaden, noko som var venta pga. færre yrkedagar i desember. Føretaket har samla sett lågare gjennomsnittleg ventetid for dei ventande ved utgangen av 2019 (51 dagar) enn ved utgangen av 2018 (57 dagar). Administrerende direktør ser at vi framleis har utfordringar med kapasitet innan einskilde fagområde, og vi vil uendra ha fokus på ventetider også i 2020.

Fleirtalet av dei polikliniske fagområda når også i desember måla som er sett om ventetider og 0 (null) fristbrot.

Tal fristbrot er no lågare enn tidlegare i 2019, men vi vil også uendra halde fokus på denne utfordringa. Administrerende direktør opprettheld tiltaket med at kirurgisk og medisinsk klinikk føretek særskilde gjennomgangar og rapporterer status. Ein ser no resultat av ei meir strukturert oppfølging av klinikkane innan dette område. Administrerende direktør forventar at arbeidet som er starta, vil føre til ytterlegare betring i resultatata i tida framover.

Innan HMS er det ei negativ utvikling for sjukefråværet. Samla sjukefråvær i Helse Førde var i november 6,7 prosent som er 0,7 prosentpoeng høgare enn oktober og 1 prosentpoeng høgare enn same periode i fjor. Utvikling i fråvær følgjer tidlegare år. Når vi samanliknar med andre føretak, ser vi f.eks. at Helse Fonna sine sjukefråværstal dei to siste månadane viser ei lik utvikling med våre tal.

Samanlikna med oktober var det ein auke i sjukefråværet for alle klinikkane med unntak av stabsområdet. Administrerende direktør registrer at veksten i hovudsak er knytt til kortidssjukefråvær, medan langtidssjukefråværet er på eit relativt lågt nivå.

FAG

Ventetid for ventande ved perodeslutt

Gjeld ventetid for nytilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var 51 dagar ved utgangen av desember (43 i november). Ventetida er seks dagar kortare enn i desember 2018.

Ventetid - helsehjelp starta i perioden – måltal 56 dagar

Gjennomsnittleg ventetid for dei nytilviste som fekk starta behandling i desember, var 58 dagar (58 dagar i november). Det er to dagar meir enn dei som vart behandla i desember 2018.

Fristbrot samla (ventande/starta behandling) – måltall 0 prosent

Førebels totalt 30 fristbrot svarande til 0 prosent av alle ventande (19 i november).

Det var 28 nye fristbot svarande til 1,2 prosent av alle med frist i perioden (0,9 prosent i november). Gjennomsnitt for Helse Vest er 3,7 prosent.

Direkte timetildeling – måltal 100 prosent (ingen tentative timer)

Pga. påvist feil i den elektroniske pasientjournalen (DIPS) som påverkar tala i vesentleg grad, får ein ikkje ut tal for direkte timetildeling i desember månad.

Del ikkje møtt

Stabilt lågt med 1,6 prosent (1,6 prosent i november). Gjennomsnitt for Helse Vest er 3,8 prosent.

Epikrisetider

Innan 1 dag: Somatikk 74 prosent i desember og hittil i år 75 prosent (74 prosent i 2018). Psykisk helsevern 52 prosent i desember og hittil i år 34 prosent (32 prosent i 2018)

Innan 7 dagar: Somatikk 89 prosent i desember og hittil i år 92 prosent (92 prosent i 2018). Psykisk helsevern 88 prosent i desember og hittil i år 89 prosent (94 prosent i 2018).

Korridorpasientar

Stabilt lågt med 29 korridorpasientar, svarande til 0,4 prosent (0,2 prosent i november). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,3 prosent.

Utskrivingsklare pasientar

Stabilt lågt med 15 døgn i desember (9 Vågsøy, 5 Høyanger og 1 Førde), svarande til 0,3 prosent av alle liggedøgn (0,9 prosent i snitt i 2018). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,3 prosent.

Stryking av planlagde operasjonar

Det var 16 strykingar av totalt 371 planlagde operasjonar svarande til 4,3 prosent (4,3 prosent i november). Gjennomsnitt for 2018 var 2,7 prosent.

AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 649	1 722	-73	1 591	58	20 315	20 624	-309	20 171	144
DRG-poeng poliklinikk, A	403	402	1	368	35	5 253	5 122	131	4 927	326
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	115	78	37	59	56	1 711	1 957	-246	1 735	-24
DRG-poeng tilhørende andre regionar, (B)	28	37	-9	26	2	551	490	61	458	93
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 195	2 239	-44	2 044	151	27 830	28 193	-363	27 291	539
DRG-poeng behandla andre regionar	137	165	-28	150	-13	1 933	1 839	94	1 834	99
Sum DRG-poeng egne pasientar	2 304	2 367	-63	2 168	136	29 212	29 542	-330	28 667	545
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 040	1 172	-132	996	44	14 093	13 925	168	13 717	376
Tal sjukehusopphald	1 464	1 535	-71	1 476	-12	18 142	18 780	-638	18 560	-418
Tal polikliniske konsultasjonar	9 187	9 533	-346	8 941	246	126 485	123 872	2 613	121 729	4 756

Perioden

Aktiviteten i perioden var 4,5 prosent lågare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar og 2,4 prosent høgare enn førre året. Samla DRG-produksjon i føretaket var 2 prosent lågare enn budsjett (- 44 poeng) og 7,4 prosent betre enn førre året (151 poeng).

Til no i år

Akkumulert er aktiviteten 1,4 prosent betre enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar og 3,1 prosent høgare enn fjoråret. I forhold til DRG-produksjon er aktiviteten 1,3 prosent lågare enn budsjett (-363 poeng), men 2 prosent høgare enn fjoråret (+539 poeng).

Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 664	1 435	229	1 582	82	19 012	17 900	1 112	17 578	1 434
Tal utskrivne pasientar	97	87	10	89	8	1 086	1 045	41	1 027	59
Poliklinisk dagbehandling	14	25	-11	25	-11	260	300	-40	357	-97
Polikliniske kons. m/refusjon	1 768	2 196	-428	1 809	-41	25 326	26 400	-1 074	24 736	590
Rus										
Tal heildøgnsopphald	486	600	-114	586	-100	6 941	7 490	-549	7 467	-526
Tal utskrivne pasientar	9	20	-11	19	-10	236	235	1	244	-8
Polikliniske kons. m/refusjon	225	264	-39	255	-30	2 783	3 180	-397	3 209	-426
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	108	109	-1	59	49	1 369	1 200	169	1 121	248
Tal utskrivne pasientar UPH	6	7	-1	9	-3	67	80	-13	76	-9
Polikliniske kons. m/refusjon	1 217	1 494	-277	1 203	14	16 979	17 800	-821	16 612	367

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/RUS)


Aktiviteten innan PHV i perioden har vore på nivå med fjoråret. Beleggsprosenten ved dei distriktpsykiatriske sentera (DPS) er 87 prosent i snitt. Akuttposten hadde 85 prosent belegg i perioden. Også akkumulert er aktiviteten høgare enn fjoråret.

Innanfor rus har vi lågare aktivitet enn plan, også lågare enn same periode i fjor. Akkumulert ligg vi ein del bak både budsjett og fjoråret. Gjennomsnittleg beleggsprosent på ruspostane var 86 prosent i perioden.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore på nivå med fjoråret. 58 prosent belegg ved UPH i perioden. Akkumulert er aktiviteten høgare fjoråret.

Beleggsprosent



Beleggsprosenten i perioden er 87 prosent i snitt på DPS og 86 prosent på ruspostane. UPH hadde eit belegg på 58 prosent i perioden. Akuttposten hadde eit belegg på 85 prosent.

ØKONOMI

Helse Førde	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	187 274	187 274	0	1 967 743	1 965 243	2 500
Inntekter pasientbehandling	62 142	60 091	2 051	746 762	749 111	-2 349
Øyremerka tilskot	4 116	2 711	1 405	32 665	32 535	130
Andre driftsinntekter / Eigendelar	15 747	15 034	713	170 167	161 935	8 232
Sum driftsinntekter	269 278	265 109	4 169	2 917 338	2 908 825	8 513
Kjøp helsetenester	-20 867	-22 385	1 517	-169 704	-175 965	6 260
Varekostnad	-27 390	-24 925	-2 465	-293 723	-296 430	2 707
Innleige personell	-1 633	-1 399	-234	-28 428	-20 220	-8 208
Personalkostnader	-148 634	-146 340	-2 294	-1 636 956	-1 612 228	-24 729
Pensjonskostnad	-21 625	-20 982	-643	-250 548	-249 900	-648
Ordinære avskrivningar	-6 050	-6 333	284	-75 155	-76 000	845
Andre driftskostnader	-38 124	-39 630	1 506	-431 599	-440 482	8 883
Sum driftskostnader	-264 323	-261 995	-2 328	-2 886 114	-2 871 225	-14 889
Driftsresultat	4 955	3 114	1 841	31 224	37 600	-6 376
Finansinntekter	637	117	520	5 855	1 400	4 455
Finanskostnader	-436	-231	-205	-3 405	-3 000	-405
Finansresultat	201	-115	315	2 450	-1 600	4 050
Ordinært resultat	5 156	3 000	2 156	33 673	36 000	-2 327

Perioden

Resultatet i desember er justert for årsoppgjersposterar for å presentere den faktiske drifta i desember. Resultatet for desember viser eit overskot på 5,2 millionar kroner, som er 2,2 millionar betre enn budsjett.

Inntektene er 4,2 millionar høgare enn budsjett. Inntekter knytt til pasientbehandling er 2 millionar betre enn budsjett. Aktiviteten målt i DRG-poeng var lågare enn budsjett, men vi hadde 47 DRG-poeng knytt til tidlegare periodar og høgare inntekter knytt til gjestepasientar. Øyremerka tilskot er i hovudsak knytt til prosjektmidlar.

Sum driftskostnader i perioden var 2,3 millionar over budsjett. Det var eit mindreforbruk til kjøp av helsetenester og andre driftskostnader, medan det var eit meirforbruk på varekostnad og personalkostnader.

Når det gjeld kjøp av helsetenester har det i perioden vore eit mindreforbruk innanfor psykisk helsevern på 1 million knytt til kjøp av behandlingsplassar i andre føretak. Når det gjeld andre driftskostnader er det eit mindreforbruk knytt til pasientreiser på 4,8 millionar.

Varekostnad var det eit meirforbruk på 2,5 millionar i perioden. Kostnader knytt til H-resept var i perioden på budsjett. Meirforbruk i perioden er knytt til kostbare medikament inne på sjukehuset og då i hovudsak kreftpasientar, samt noko på medisinsk heimebehandling.

Personalkostnader har eit meirforbruk på 2,5 millionar. Meirforbruket er knytt til somatiske klinikkane. Det er også eit meirforbruk knytt til pensjonskostnader. Dette heng saman med mellom annan gammal AFP-ordning.

Akkumulert

Akkumulert resultat er 33,7 millionar, som er 2,3 millionar dårlegare enn budsjett. Dette er før årsoppgjerspostar, og det vil komme vesentlege endringar i samband med avslutning av rekneskapsåret for 2019.

Inntekter er 8,5 millionar høgare enn budsjett, men det er eit meirforbruk på 14,9 millionar knytt til driftskostnader. Finansresultat bidreg positivt med 4 millionar.

Basisramma er 2,5 millionar høgare enn budsjett. Dette er ekstra midlar overført til helseføretaka frå Helse Vest. Andre driftsinntekter er 8,2 millionar betre enn budsjett. Dette er i hovudsak knytt til eigendelar og utanlandske pasientar.

Varekostnaden er 6,2 millionar lågare enn budsjett. Av dette utgjør H-resept 15,2 millionar. I forhold til resultat, og då avvik mot budsjett, bidreg H-resept positivt med 9,8 millionar. Personalkostnader og innleige har eit meirforbruk samanlikna med budsjett på 32,9 millionar.


I andre driftskostnader er det eit mindreforbruk på 8,9 millionar. Pasienttransport har eit positivt avvik mot budsjett på 16,6 millionar. Resultateffekten for Pasientreiser er positiv med 17,4 millionar på grunn av litt høgare inntekter enn budsjettet.

Likviditet

Per utgangen av desember 2019 hadde Helse Førde ein positiv likviditet på 377,2 millionar kroner. Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 227,5 millionar kroner som ikkje vert nytta.


MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær



Samla var sjukefråværet i oktober 6,7 prosent. Det er 1 prosentpoeng høgare enn same månad i fjor, og 0,7 prosentpoeng over førre månad.

Månadsverk




Brutto månadsverk i perioden var 2294. Dette var 63 fleire enn same periode i 2018.
Netto månadsverk i august var 2149. Dette var 62 fleire enn same periode i 2018.

Brutto månadsverk er summen av alle månadsverk som Helse Førde betaler løn for (inklusive betalte permisjonar).

Netto månadsverk er brutto månadsverk minus betalte permisjonar og ferie-/sjukevikarar.


Synergi

Melde saker i perioden januar til november 2019 samanlikna med same tidsrom i 2018, fordelt på sakstypar:



Totalt melde saker er 2577 mot 2462 førre år.

Tal saker med og utan konsekvens for gruppene pasient-, HMS-, drift- og IKT-saker:



Samla var det per november i 2019 meldt 8,2 prosent fleire saker enn same periode i 2018. Delen melde saker med konsekvens er 14,6 prosent. Dette er ein nedgang frå 2018 då andelen var 18,4 prosent. 158 saker er ikkje ferdig kategoriserte av leiarar i forhold til om sakene er med eller utan konsekvens.

Pasientrelaterte saker melde fordelt på type hending:

Tal hendingar	Januar – november 2018		Januar – november 2019	
	Utan konsekvens	Med konsekvens	Utan konsekvens	Med konsekvens
Pasientadministrasjon	85	7	74	4
Diagnostikk/utredning	40	14	29	7
Behandling og pleie	84	30	89	13
Fall og uhell	64	28	87	30
Dokumentasjon/infor.	52	5	47	0
Infeksjon	0	0	0	2
Legemidlar og blod	100	13	77	12
Medisinsk utstyr	7	1	2	3
Pasientadferd	33	15	25	8


Oversikta viser pasienthendingar melde i Synergi. Tabellen inkluderer ikkje hendingar som ikkje er kategoriserte.

Hendingar med konsekvens betyr at pasienten er skadelidande på ein eller annan måte. Hendingar utan konsekvens var hendingar som ikkje hadde konsekvens for pasienten, men avviket har potensiale for å påføre konsekvensar. Inndelinga i emne skjer etter ei nasjonal klassifisering.

Trygg kirurgi

Sjekklista for trygg kirurgi er implementert og i bruk i Helse Førde. Utviklinga syner stabil registrert bruk av sjekklista på nær opp til 100 prosent.


TryggKirurgi




Trygg pleie

Tiltakspakken trygg pleie registrerer gjennomført screening av pasientar for å avdekke risiko for fall, trykksår og ernæring. Figurane viser utvikling for dei seks siste månadene. Til høgre i figurane er avdelingane sortert i rekkefølge etter oppnådd prosent.


Målet er at 90 prosent av pasientane skal screenast. Føretaket har ikkje klart å oppfylle målsetjinga for nokon av områda fall, trykksår og ernæring.



Snittet for Helse Førde var 71 prosent i desember mot 75 prosent i november. Andelen pasientar på kirurgisk avdeling som faktisk er risikopasientar, er like stor som hos kreftavdelinga, men det er langt færre som vert kartlagt.




Snittet for Helse Førde var 67 prosent i desember mot 69 prosent i november.




Snittet for Helse Førde var 57 prosent i desember mot 60 prosent i november.

Oppfølging sepsis i akuttmottak



Pasientar med mistenkt infeksjon blir triagert innan målet på ti minutt etter at dei har kome i akuttmottak. Vi er innanfor tidsgransa i forhold til både mediantid og gjennomsnittleg tid.



Pasientar som fyller to eller fleire kriterium i QSOFA (quick Sepsis related organ failure Assessment), og som får antibiotikabehandling innan ein time. Vi er innanfor tidsgrensa i forhold til både mediantid og gjennomsnittleg tid, men det er ein auke i tidsbruken som følgje av tre pasientar med noko lengre tid.